



Skyss
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/289 - 16/3000

Saksbehandlar:
Alf Magnar Strand
Alf.M.Strand@masfjorden.kommune.no

Dato:
30.05.2016

Innspel til trafikkplan Nordhordland

Masfjorden kommune vil koma med følgjande tilbakemelding/innspel til trafikkplanen:

1 Tingingsrute frå Andås vegkryss til Masfjordnes/Andvik. Avgang Bergen 20.00, til Andås vegkryss 21.00 (Ekspressbuss) Drosje frå Andås vegkryss kl. 21.00 til Masfjordnes ferjekai 21.30, Andvik 21.40. Ferje til Duesundøy 21.40. Denne ruta vart teken vekk i 2015, men må no inn att. Busstilbodet på kveldstid mellom Bergen/Knarvik og Masfjorden er altfor dårleg. Ingen av våre elevar på vidaregåande kan vera med på noko i Knarvik etter skuletid, då siste buss går frå Knarvik kl. 16.06.

2 Betre korrespondanse buss/ferje på Masfjordnes ferjekai. Her må Skyss samarbeida med selskapet som driv ferjesambandert.

Døme:

Buss frå Bergen 10.30 er framme på Masfjordnes 12.41. Ferja går 12.40!

Buss frå Masfjordnes til Bergen søndag går kl. 19.10, ferja kjem 18.55.

Nordgåande buss frå Sandnes skule går 13.50, til fejekaia 13.55. Ferja går 13.50!

Bussen frå Masfjordnes ferjekai til Bergen går kl. 16.45. Ferja kjem 16.50!

3 Seinare skulestart og tilsvarande seinare skuleslutt Sandnes skule. Det er tidleg for elevane å starta kl. 8.10. Dessutan har dei tilsette bruk for ein halvtime til møte og liknande om morgonen før elevane kjem. Vi ber Skyss vurdere å utsetja morgonbussen frå Masfjordnes til Knarvik/Bergen med ein halv time.

4 For å få fleire til å bruka buss mellom Knarvik og Bergen ynskjer me flest mogeleg **direkte ruter** mellom Bergen og Knarvik. Bussane frå Nordhordland bør ikkje stoppa for å ta på passasjerar i Åsane på veg til Bergen eller å sleppa passasjerar av på veg frå Bergen.

Dette er dei punkta vi vil diskutera på møtet 6. juni.

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen
Rådmann

Alf Magnar Strand
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

Skyss

Postboks 7900

5020

BERGEN